



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 19.01.2016

Møtestad: Einekavane, Matre

Møtetid: 12:00 - 16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Frode Langhelle	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Frode Langhelle

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2016	Godkjenning av møtebok
003/2016	Klage på avslag - søknad om dispensasjon - utviding av AK 11 Duesund
004/2016	Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan i sjø - utviding av AK6 til oppdrett tareproduksjon
005/2016	Høyring om framlegg til innretning på havbruksfondet
006/2016	Fremlegg til mindre reguleringsendring Storkupa hyttefelt i Stordalen
007/2016	Søknad om støtte - Gulen og Masfjorden Næringshage AS
008/2016	Debathefte - KS spør. Hovedtariffoppgjøret 2016.
009/2016	Referatsak

001/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

19.01.2016 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 001/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

19.01.2016 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 002/2016 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

003/2016: Klage på avslag - søknad om dispensasjon - utviding av AK 11 Duesund

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §19-2 vert søknaden om å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen om å utvida AK 11 med ca 170 m i sørvestleg retning, ikkje godkjend.

Grunngjeving

Masfjorden kommune har mottatt klage på formannskapsvedtak nr 094/2015, kommunen ser ikkje att det er kome nye moment til å gje dispensasjon til utviding av AK 11.

19.01.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Saka vart utsett til neste formannskapsmøte (10. februar)

FS - 003/2016 VEDTAK:

Saka vart utsett til neste formannskapsmøte (10. februar)

004/2016: Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan i sjø - utviding av AK6 til oppdrett tareproduksjon

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §19-2 vert søknaden om å dispensera inntil 5 år frå føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i arealdelen til kommuneplanen, om å utvida AK 6 med 10 ha, ikkje godkjend.

Grunngjeving

AK 6 ved Laberget vart godkjend i samband med handsaminga av gjeldande kommuneplan. Dersom ein no utvider området utan brei informasjon til medverknad, for å etablere eit større oppdrettsanlegg, er det ikkje i samsvar med plan- og bygningslova, jfr pbl § 11-17.

Heimel:

Plan – og bygningslova §19-2

Kommuneplanen 2012-2024

19.01.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Saka vart utsett til neste formannskapsmøte (10. februar).

FS - 004/2016 VEDTAK:

Saka vart utsett til neste formannskapsmøte (10. februar).

005/2016: Høyring om framlegg til innretning på havbruksfondet

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune støttar at det vert etablert eit nasjonalt havbruksfond, og at midlane vert fordelt etter lokalitets-MTB, og at midlane vert utbetalt etter kvart inntektene kjem inn. Kommunane må få minst 80 % av inntektene. Fondet må få ein storleik som gjev det interessant å utvikla oppdrettsnæringa vidare for kystkommunane, difor må vederlaget for nye oppdrettsløyver setjast høgt.

19.01.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 005/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune støttar at det vert etablert eit nasjonalt havbruksfond, og at midlane vert fordelt etter lokalitets-MTB, og at midlane vert utbetalt etter kvart inntektene kjem inn. Kommunane må få minst 80 % av inntektene. Fondet må få ein storleik som gjev det interessant å utvikla oppdrettsnæringa vidare for kystkommunane, difor må vederlaget for nye oppdrettsløyver setjast høgt.

006/2016: Fremlegg til mindre reguleringsendring Storkupa hyttefelt i Stordalen

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til mindre reguleringsendring vert i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 sendt til offentleg ettersyn så snart det ligg føre plankart i godkjent sosikvalitet.

19.01.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 006/2016 VEDTAK:

Framlegg til mindre reguleringsendring vert i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 sendt til offentleg ettersyn så snart det ligg føre plankart i godkjent sosikvalitet.

007/2016: Søknad om støtte - Gulen og Masfjorden Næringshage AS

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 40.000 frå fiskefondet til utgreiingsarbeidet om etablering av ei avdeling/node innan havbruk på Matre. Støtten utgjer inntil 50% av budsjetterte utgreiingskostnader og elles i tråd med søknad GMNH

19.01.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland sa seg inhabil, vurdert av formannskapet, varaordførar overtok. Orientering om fiskefondet, og bakgrunn endra tilråding.

Saka vart drøfta

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 007/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 40.000 frå fiskefondet til utgreiingsarbeidet om etablering av ei avdeling/node innan havbruk på Matre. Støtten utgjer inntil 50% av budsjetterte utgreiingskostnader og elles i tråd med søknad GMNH

008/2016: Debathefte - KS spør. Hovedtariffoppgjerset 2016.

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune har fylgjande tilbakemelding til spørsmåla i Debatheftet – KS spør i samband med hovudtariffoppgjerset 2016:

1. Kva for element i oppgjerset (til dømes lokal pott eller generelle tillegg) skal prioriterast?

Intensjonen med lokal pott er å rette opp i skeivheiter og prioritere enkelte grupper/stillingar ut frå lokale utfordringar og behov til den einskilde kommunen. Med dei utfordringar som ligg til rekruttering av arbeidskraft til kommunal sektor, vil det vera viktig med eit sentralt løft for eit høgare løinsnivå. Det krev store ressursar for å gjennomføre lokale forhandlingar i kommunen, og om det vert sett av midlar til lokal pott er det ønskjeleg at denne er av ein viss storleik. Det er og ønskjeleg at det ikkje ligg sterke sentrale føringar på bruk av lokal pott.

2. Kva for stillingsgrupper bør eventuelt prioriterast ved sentrale tillegg?

Når det gjeld rekruttering i Masfjorden kommune, har vi størst utfordringar nå det gjeld fagarbeidrarar og høgskuleutdanna og ønskjer at desse gruppene vert prioriterte. Skilnaden mellom ufaglærte med 20 års ansiennitet og fagarbeidrarar er svært liten, og med ønskje om at fleire tek fagutdanning må ein gjere denne differansen større. Kompetanse må løne seg.

3. Er det trøng for å nytte delar av disponibel ramme til tilpassingar til det nye lønnsystemet?

For å få ei god tilpassing til nytt lønnsystem i kommunal sektor er det ønskjeleg å delar av disponibel ramme. Det vil i lønsoppgjerset vere trøng for å rette opp utilsikta skeivheiter, og det må settast av ein pott som nyttast lokalt.

4. Korleis kan Hovudtariffavtalen bli eit betre verkty for å utvikle ein heiltidskultur?

Hovudtariffatalen må legge til rette for at kommunen lokalt kan legge til rett for ein heiltidskultar. Utfordringar i dette arbeidet er mellom anna tilgang på arbeidskraft, andre lokale forhold samt tilsette sine ønskjer om arbeidstid. Dei tilsette sitt ønskje om fritid gjer oss utfordringar med avtalar og arbeidsplanar som fremmer meir kvelds- og helgearbeid.

5. Er det trøng for endringar i Hovudtariffavtalen sine sjukelønsvedtak for å oppnå ein enklare praktisering av regelverket?

Masfjorden kommune ser ikkje trøng for endre regelverket i dette oppgjerset.

6. Er det trøng for endringar i avtaleverket som kan byggje opp under auke nærvær?

Avtaleverket her er godt nok. Utfordringar med å auke nærvær må gå som eigne prosessar lokalt med haldningsskapande arbeid og betre rutinar kring utnytting av restarbeidsevne.

7. Offentleg tenestepensjon – Er Debathefte – KS spør i tråd med kommunen sine synspunkt.

Masfjorden kommune stettar dei synspunkt som kjem fram i debattheftet

8. **Ser kommunen trong for særskilde endringar i særavtalane som går ut i 2016?**

Masfjorden kommune ser ikkje trong for endringar i særavtalane som går ut i 2016.

19.01.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 008/2016 VEDTAK:

Masfjorden kommune har fylgjande tilbakemelding til spørsmåla i Debatheftet – KS spør i samband med hovudtariffoppgjeret 2016:

1. **Kva for element i oppgjeret (til dømes lokal pott eller generelle tillegg) skal prioritertast?**

Intensjonen med lokal pott er å rette opp i skeivheiter og prioritere enkelte grupper/stillingar ut frå lokale utfordringar og behov til den einskilde kommune. Med dei utfordringar som ligg til rekruttering av arbeidskraft til kommunal sektor, vil det vera viktig med eit sentralt løft for eit høgare lønsnivå. Det krev store ressursar for å gjennomføre lokale forhandlingar i kommunen, og om det vert sett av midlar til lokal pott er det ønskjeleg at denne er av ein viss storleik. Det er og ønskjeleg at det ikkje ligg sterke sentrale føringar på bruk av lokal pott.

2. **Kva for stillingsgrupper bør eventuelt prioritertast ved sentrale tillegg?**

Når det gjeld rekruttering i Masfjorden kommune, har vi størst utfordringar nå det gjeld fagarbeidarar og høgskuleutdanna og ønskjer at desse gruppene vert prioriterte. Skilnaden mellom ufaglærte med 20 års ansiennitet og fagarbeidarar er svært liten, og med ønskje om at fleire tek fagutdanning må ein gjere denne differansen større. Kompetanse må løne seg.

3. **Er det trong for å nytte delar av disponibel ramme til tilpassingar til det nye lønssystemet?**

For å få ei god tilpassing til nytt lønssystem i kommunal sektor er det ønskjeleg å delar av disponibel ramme. Det vil i lønsoppgjeret vere trong for å rette opp utilsikta skeivheiter, og det må settast av ein pott som nyttast lokalt.

4. **Korleis kan Hovudtariffavtalen bli eit betre verkty for å utvikle ein heiltidskultur?**

Hovudtariffatalen må leggje til rette for at kommunen lokalt kan leggje til rett for ein heiltidskultar. Utfordringar i dette arbeidet er mellom anna tilgang på arbeidskraft, andre lokale forhold samt tilsette sine ønskjer om arbeidstid. Dei tilsette sitt ønskje om fritid gjer oss utfordringar med avtalar og arbeidsplanar som fremmer meir kvelds- og helgearbeid.

- 5. Er det rong for endringar i Hovudtariffavtalen sine sjukelønsvedtak for å oppnå ein enklare praktisering av regelverket?**

Masfjorden kommune ser ikkje trond for endre regelverket i dette oppgjeret.

- 6. Er det trond for endringar i avtaleverket som kan byggje opp under auke nærvær?**

Avtaleverket her er godt nok. Utfordringar med å auke nærvær må gå som eigne prosessar lokalt med haldningsskapande arbeid og betre rutinar kring utnytting av restarbeidsevne.

- 7. Offentleg tenestepensjon – Er Debatthefte – KS spør i tråd med kommunen sine synspunkt.**

Masfjorden kommune stettar dei synspunkt som kjem fram i debattheftet

- 8. Ser kommunen trond for særskilde endringar i særavtalane som går ut i 2016?**

Masfjorden kommune ser ikkje trond for endringar i særavtalane som går ut i 2016.

009/2016: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

19.01.2016 FORMANNSKAPET

12.25 – 12.40 Ekstra styringsgruppemøte

Tilstades: Egil Kvingedal , Siri T. Krarzmeier, Janne Judit Sandnes, Geir Egil Haugsvær, Torill T. Størkersen, Karstein Totland og Svein Helge Hofslundsengen.

Uavklarte forhold etter G(S)M forhandlingsmøte i dag:
Gulen; Dalsbygda/Dalsøyra som kommunesenter + Eivindvik i ein overgangsfase +
Gulen som kommunenamn.
Masfjorden; Pkt. 5. Namn etter namnekonkuranse

Styringsgruppa står fast på vedtak 12.jan med justering kommunesenter

4. Kommunesenter

Vi er samde om at vi skal oppretthalde dei sentera som er i dei tidlegare kommunane og utvikle desse med kommunale tenester og arbeidsplassar. Dette er gjennomarbeidd i vedlegg 1. Det nye kommunehuset skal seinast innan 2025 vere klart og er lagt til Hosteland. Dersom det vert naudsynt med ei anna organisering i ein overgangsfase vert det tatt utgangspunkt i ei administrativ organisering innanfor dei tre kommunehusa som er i dagens kommunar. I tida frå 1.1.2020 fram til kommunehuset på Hosteland er klart, er vi samde om at ordførar og rådmann skal ha kontor i Eivindvik.

5. Kommunenamn og kommunevåpen

Den nye kommunen får namnet Gulating. Den nye kommunen får nytt kommunevåpen, utforma med utgangspunkt i kommunevåpna kommunane har i dag. Arbeidet med å utforma eit kommunevåpen vert satt i gong når søknaden om etablering av ny kommune er sendt.

Ekstra forhandlingsmøte GSM avtalt til den 28.jan kl. 15 – 16 Strilatun, framføre Nordhordlandsting

12.40 – 13.25 Fellesmøte formannskap & styre i Einakavane, og deretter oppstart ordinære saker for formannskapet

009/2016 Referatsak

1. Anmoding om økonomisk støtte ifm. prinsipiell tvist mellom Statnett og tre av LVKs medlemskommuner
2. Avgjersle av klage på løyve til mottak, behandling og deponering av radioaktivt avfall
3. Fjellsikringsarbeid på Ådnekvam - sluttrapport frå Sweco dagsett 21.12.2015
4. Spesifisering knytt til innhenting av tilbod på fjellsikring bakhytte på gnr. 24 bnr. 27, Ådnekvam i Masfjorden kommune
5. Vardebrenning

Nr. 1 - Formannskapet løyver kr. 20.000

ANMODNING OM ØKONOMISK STØTTE I FORBINDELSE MED ANKE FRA STATNETT OVER DOM OM EIENDOMSSKATT PÅ NETTANLEGG

På denne bakgrunn oppfordrer vi som ordførere i de tre saksøkte kommunene og lederen i LVK alle kommuner med nettanlegg å bidra med kr. 20 000 i kronerulling for å støtte de tre tilfeldig utvalgte kommunene. Saken er drøftet i styret i LVK som anbefaler denne anmodningen. Innbetaling kan foretas til LVKs kontonr. 1503.70.57247 innen 10. februar 2016, merket Eiendomsskattetvister mot Statnett.

Nr. 2 – Formannskapet ønsker å klage vidare

Tillegg – ikke kunngjort i forkant

BW museumet – tak – ufinansiert 100.000 – avvente/anbod før evt. vurdering av tilskot og då som eiga løvvingsak

LNK/e-post ordførar – nynorsk

Mållaga i Nordhordland oppmodar med dette notatet alle Nordhordlandsommunane om å gje nynorskopplæring til vaksne innvandrarar pånynorsk. Kommunestyra i regionen vår må gjera vedtak om dette.

) Karstein Totland

Fwd: VS: Nynorskopplæring i Nordhordland

43 kB

ti 19.01.2016 :

Masfjordbru (HFK sak i x utval)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel – 14.01.2016

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare brukeknologi/brutype og kostnadsbereking for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet ber Statens vegvesen vurdera nærmere å nyttja konkurranseprega dialog (KPD) som anbodsform i prosjektet, slik dette er omtalt i brev datert 21.12.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune om anbodsform for Masfjordsambandet, punkt 5.2.2.
3. Fylkesutvalet vil koma attende til eventuell prioritering og finansiering av Masfjordbru i samband med handsaming av Regional transportplan 2018-2029.

Ordførar lagar til fellesnotat om utfordringa med relasering av Masfjordbru
Brosjyre JS – Masfjordbrosjyre –info om opplegg

- + Folkevaltopplæring 20.jan. – ordførar stiller
- + Kraftspela 2016 – fs støttar opplegg i 2015.
- + Nordhordlandsting 28.1. påminning – alle stiller

Formannskapsmøte 16.2.16 – endra til 10.2.16 med start kl. 16.

FS - 009/2016 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapet den 19.01.16 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkersen
varaordførar